



DEN NORSKE KYRKJA
Hå kyrkjelege fellestråd

dok 169

Kulturfund	
Saksnummer	200800738
Dato	1.9.08
Kode	MI-501

Det kongelige kultur- og kirkedepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Nærbø,
29.08.2008

Vår sakshandsamar: Vår ref.:
Tor Syvert Aass 06/00042-006

Arkiv:
002

Dykkar ref.

Dykkar dato

Høring - innstillingen Styrket demokrati i Den norske kirke

Hå kyrkjelege fellestråd handsama saka i møte 12.08.2008 og gjorde slikt

Vedtak

Hå kyrkjelege fellestråd ser verdien av å få fleire av kyrkja sine medlemmer til å engasjera seg i kyrkja sitt arbeid ved å delta ved val til kyrkja sine organ. Fellestrådet vil likevel koma med fylgjande kommentarar til utvalet sit arbeid:

- 1. Sjølv om Den norske kyrkja står i ei særstilling i det norske folket, vert det ikkje rett i høve til andre trussamfunn å knyta kyrkjeleg val både geografisk og tidsmessig så tett opp mot andre offentlege val som det er lagt opp til i innstillinga. Å flytta kyrkjelege val frå kyrkjelege lokale til andre vallokale på grunn av nærleik til stortings- og kommuneval er med på å gje kyrkja meir karakter av offentleg organ enn av å vera eit trussamfunn. Dette ser fellestrådet på som uheldig.*
- 2. Fellestrådet er positiv til meir bruk av direkte val på representantar til kyrkjemøtet. Fellestrådet vil anbefala ei ordning kor nokre av delegatane vert valde direkte, medan sokneråda vel nokre.*
- 3. Dersom valordninga skal endrast, må det tilførast ressursar for å handtera det auka administrative arbeidet. Det same gjeld og tiltak for å gjera det meir attraktivt å ta på seg kyrkjelege verv. Om ikkje, vil knappe midlar til kyrkja sitt noverande arbeid måtte overførast til administrativt arbeid, noko som ikkje er ønskeleg.*

Med helsing

Tor Syvert Aass
Kyrkjeverje